



# Bibelkveldar Hausten 2021

**Berekraftig erfaring**  
Om Salmane i Bibelen – og i dag

**Denne hausten** vil me ha fokus på Salmene i Bibelen, med hovudtema

«Berekraftig erfaring».

Salmene speglar gudsfolket sine erfaringar i Den gamle pakta, men dei er også aktuelle for oss i dag.

Me vil få høyra ulike innspel frå personar som har jobba spesielt med salmeskatten både fagleg og i praksis.

**Bryne sokneråd** er ansvarleg for tiltaket.

Ein komité er ansvarleg for planlegging og gjennomføring:

Brit Frøyland, Jan Helge Stensland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland

**Stad:** Bryne kyrkje.

**Tid:** Tysdag 5/10, 19/10 og 2/11 — kl. 19.00 til 21.15

Det blir to innlegg kvar kveld med høve til spørsmål.

Kort pause mellom innlegga.

### «Berekraftig erfaring»

Salmene – eller Psalteret – gir **innblikk i trus- og gudstenestelivet** i det gamle Israel. Trua syng om prøvingar og kamp, men også om kvile og tryggleik.

Salmene **viser oss gudstrua i kvardag og fest**, mørker og lys. Dei speglar gudslivet i funksjon under alle slags livsvilkår.

Salmene **vitnar om Gud, hans storhet og handlingar**; at han er verksam i naturen, i livet til folket og den einskilde. Dei skildrar Kongen som Guds representant i verda og Sion som Guds bustad og virkefelt. Dei **fortel om framtidshåpet** – om Messias og vel-signing i hans nærvær.

Slik sett er Salmene også profeti, sjølv om dei ikkje har språkforma til profetien.

Salmene har også utsegner om oppgjer og hemn. Korleis skal me forstå slike ord? Er det berre kjenslemessige utsegner av feilande menneske, eller uttrykkjer dei varig lærdom?

Salmene er ofte siterte i Det nye testamentet, både av Jesus og disiplane hans. **I NT fell det nytt lys over salmane.** Openberringa gjennom Jesus Kristus er oppfyllinga – og det rette perspektivet til forståing av innhaldet i Psalteret.

Salmene har blitt **brukte i den kristne kyrkja** gjennom tidene og verda over, i forkyning, tilbeding og lovsong. Somme kyrkjer – den anglikanske, katolske og dei ortodokse – nyttar salmane som liturgi, og syng eller resiterer heile Psalteret over tid. Hos oss har Salmene fått innpass som preiketekstar i seinare tid, men også som omkvede og omdiktingar. Dermed har Salmene vist seg både som **aktuelle og slitesterke**, dei er der til bruk.

Desse vil stå for undervisinga:

**Magnar Kartveit**, prof. em. ved VID/MHS. Har undervist i GT, også i Salmene  
**Knut Holter**, prof. ved VID/MHS; underviser i GT.

**Lars Sigurd Tjelle**, prost i Jæren prosti, erfaring som misjonær og prest

**Karen Margrete Mestad**, tidl. prest i DnK, høgsk.lektor ved VID/MHS, praktisk teologi

**Per Olav Egeland**, organist i Bryne kyrkje

**Jens Olav Mæland**, tidl. lærer ved FiH og prest i DnK, medforf. av *Salmenes bok I og II*

Me trur mange vil ha stor nytte av Bibelkveldane, og me ønskjer at bibelgrupper og foreiningar legg samlingane sine til desse.

### Program

| Tid     | Tema   | Foredragshaldar       |
|---------|--|-----------------------|
| 5. okt  | <b>Salmene i GT</b><br>Trua sitt pulsslag. Salmene speglar heile truslivet...    | Jens Olav Mæland      |
|         | <b>«Klage med Håp»</b><br>Klagesalmene— djup prøving, og sterkt håp              | Magnar Kartveit       |
| 19. okt | <b>«Kongesalmene»</b><br>Deira funksjon i det gamle Israel – og for oss i dag... | Knut Holter           |
|         | <b>«Du har gripe mi høgre hand...»</b><br>Når livet snur.. Salme 73.             | Lars Sigurd Tjelle    |
| 2. nov  | <b>Salmene i gudstenesta</b><br>Den gongen, og i dag                             | Karen Margrete Mestad |
|         | <b>Evensong</b><br>Først ei innleiing — Deretter blir vi med på Evensong         | Per Olav Egeland      |